



Søknad om permisjon, selvstendig studiearbeid eller fri fra opplæringen

Navn på elev: _____

Søknaden gjelder følgende tidsrom: _____

Klasse/klassestyrer: _____

Det er mulig å søke permisjoner med bakgrunn i punktene under, jf. § 3-46 i Forskrift til privatskulelova.

§ 3-46. Føring av fråvær i vidaregåande opplæring

Alt fråvær skal førast på vitnemålet og kompetansebeviset. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar. Dagleg leiar kan avgjere om fråvær for den som er deltidselev, skal førast i dagar og timer eller berre i timar. For elevar som skal ha kompetansebevis, skal fråvær førast på kompetansebeviset. Eleven kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet eller kompetansebeviset, dersom han eller ho legg fram dokumentasjon på årsaka til fråværet. Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand. For inntil samanlagt 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan ein elev krevje at følgjande fråvær ikkje blir ført på vitnemålet eller på kompetansebeviset dersom det kan dokumenterast at fråværet skyldast:

- a) helse- og velferdsgrunnar
- b) arbeid som tillitsvald
- c) politisk arbeid
- d) hjelpearbeid
- e) lovpålagt oppmøte
- f) representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå.

For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet eller på kompetansebeviset, må eleven leggje fram ei legeerklaering som dokumenterer dette. Fråvær som skyldast helsegrunnar må vere meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemmning eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag. Organisert studiearbeid og skoleadministrative gjeremål etter avtale med faglæraren eller dagleg leiar, skal ikkje reknast som fråvær.

Innanfor ramma av 10 skoledagar kan elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, krevje at inntil to dagar fråvær som er knytt opp mot ei religiøs høgtid, ikkje blir ført på vitnemålet eller på kompetansebeviset.

Sjølvstendig studiearbeid

Eleven kan søkje skolen eller rektor om å få utføre sjølvstendig studiearbeid for eitt eller fleire avgrensa tidsrom. Vilkåret for å gje løyve er at eleven ikkje kan ta del i den ordinære undervisninga på grunn av ekstraordinære forhold, eller at eleven er engasjert i ein sportsleg, samfunnspolitisk eller kulturell aktivitet på høgt nivå som gjev eleven god ballast og erfaring som kjem ho/han til gode i det ordinære skolearbeidet. Tida som vert nytta til sjølvstendig studiearbeid, skal ikkje førast som fråvær. Feriereiser kjem ikkje inn under omgrepet sjølvstendig studiearbeid. Det er i prinsippet inga avgrensing i tida som kan nyttast til sjølvstendig studiearbeid, men eleven og skolen må passe på at eleven arbeider slik at det vert grunnlag for vurdering av det sjølvstendige skolearbeidet, og at det vert grunnlag for karakter i faga. (jf. Forskrift til opplæringslova § 3-47 / Forskrift til privatskulelova § 3-46).

Planlagt fråvær og permisjon

Ved planlagt fråvær som ikkje vert dekka av punkta over skal det søkjast om permisjon. Søknaden skal vere skriftleg og grunngjeven og skal leverast i god tid. Permisjon vert ikkje gjeve dersom det kan føre til manglante vurderingsgrunnlag, eller dersom eit fråvær gjer det vanskeleg å gjennomføre samarbeidsprosjekt. Det skal berre unntaksvise gjevast permisjon.

Det søkes permisjon på grunnlag av: _____

Underskrift elev/foresatte: _____

Rektors vedtak: _____